



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Kommunalteknikk

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Jarle Apeland
Lundshagen 32
5464 DIMMELSVIK



Saksbehandlar
Kjersti Leth Lønning

Tlf. direkte innval
53461908

Vår ref.
2016/78-5

Dykkar ref.

Dato
12.01.02016

Svar på søknad om graveløyve v/ Lindevegen 17 og 19

Med heimel i Veglova §32 og §57, og under føresetnad av at Kvinnherad kommune sine retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i og langs offentlig vert fylgde, gjev vi graveløyve som omsøkt. Sjå retningslinjene : www.kvinnherad.kommune.no under trafikk og samferdsel, og graveløyve..

Vi vil spesielt nemna desse vilkåra :

1. Graveløyve fell bort dersom omsøkte graving ikkje er gjennomført innan 1 år.
2. Løyve frå kommunen er mellombels. De har plikt til å endre, evt. fjerne det dersom kommunen finn det naudsynt. Ei slik endring / fjerning må De rekne med å koste sjølv.
3. Innsendt arbeidsvarslingsplan er godkjent. Den skal oppbevarast på arbeidsplass så lenge arbeidet pågår.
4. Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen der det skal gravast.
5. Mogeleg ulempe som vert påført leidnings- eller kabelanlegget i samband med veghaldars vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetningsarbeid er veghaldar uvedkommande.
6. Evt. øydelagt asfaltdekke etter gravearbeid skal utbetrast av godkjent asfaltentreprenør. Tjukkkleiken og kvaliteten på asfaltdekket skal minst vera det same som tidlegare dekke. Som ei mellombels løysing skal det leggjast oljegrus i vegbreidda, i påvente av endeleg asfaltering.
7. De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Sideterreng skal ordnast i hht. Hb.231, slik at det ikkje fører til skade ved utforkjøring. Dersom vegarbeidet ikkje vert sett i fullgod stand, eller det vert "setningar" i vegdekket etter gravearbeidet, må De ta arbeid og kostnad med reperasjon av skadane. Søkjar er ansvarleg for vedlikehald til endeleg dekke er lagt og i garantiperioden.

8. Når vegområdet er satt i fullgod stand skal kommunen kontaktast for ferdig – synfaring og godkjenning.
9. Skjema for entreprenørens eigenkontroll skal fyllast ut og sendast oss etter at arbeidet er avslutta.

For ordens skuld vil vi gjera merksam på følgjande:

Før gravearbeidet tek til skal entreprenøren undersøkje om :

- Vatn og avløp har leidningar i området, ta kontakt med VA-avdelinga for påvisning av leidningar.
- Telenor har kablar i området
- Kvinnherad energi / Fjelberg kraftlag har kablar i området
- Kvinnherad breiband har kablar i området

NB!

De vil bli fakturert med kr 1500,- for behandling av graveløyve jf. Kvinnherad kommune sitt gebyrregulativ for 2015.

Med helsing

Kjersti Leth Lønning
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Egil Eide
Torill Slåke
Øyvind Hardeland